

**Møte tirsdag den 25. oktober 2016 kl. 10**

President: Olemic Thommessen

Dagsorden (nr. 11):

- Interpellasjon fra representanten Kjersti Toppe til barne- og likestillingsministeren:  
«Fylkesmennene i Hordaland, Rogaland og Troms har lagt fram ein knusande granskingsrapport i saka om den såkalla «Glassjenta», om den no 18 år gamle rogalandsjenta «Ida» sitt to og eit halvt år lange opphald under barnevernet si omsorg. Hovudkonklusjonen er at jenta ikkje har fått ein oppvekst og ei omsorg som er i tråd med det vårt samfunn har slått fast at barn skal ha. Saka blei kjent gjennom Stavanger Aftenblad sin dokumentar i januar i år, og fylkesmennene har granska 14 etatar og institusjonar. Seks av dei har gjort til saman 15 lovbrott. Rapporten går lenger enn å fastslå at det offentlege har svikta. Han konkluderer med at «Ida» har lidd under systemfeil, og legg fram 33 forslag til korleis systemfeila bør rettast opp nasjonalt. Korleis vil regjeringa syte for at granskingsrapporten og den harde systemkritikken mot barnevernet fører til faktiske forbetringar og endringar, slik at ingen andre barn må oppleve det same som «Ida»?»
- Stortingets vedtak til lov om endringer i energiloven (utenlandskonsesjon)  
(Lovvedtak 2 (2016–2017), jf. Innst. 24 L (2016–2017) og Prop. 98 L (2015–2016))
- Stortingets vedtak til lov om endringer i forurensningsloven (avfallsdefinisjoner m.m.)  
(Lovvedtak 3 (2016–2017), jf. Innst. 23 L (2016–2017) og Prop. 89 L (2015–2016))
- Stortingets vedtak til lov om endringer i naturmangfoldloven mv. (administrativt beslag og administrativ inndragning)  
(Lovvedtak 4 (2016–2017), jf. Innst. 25 L (2016–2017) og Prop. 118 L (2015–2016))
- Referat

**Presidenten:** Den tidligere midlertidig fritatte vararepresentant for Oppland fylke, Kjersti *Stenseng*, har tatt sete.

Følgende innkalte vararepresentanter har tatt sete:

For Akershus fylke: Are *Helseth*

For Nordland fylke: Dagfinn Henrik *Olsen*

For Vestfold fylke: Steinar *Gullvåg*

Fra Arbeiderpartiets stortingsgruppe foreligger søknad om permisjon for representanten Knut *Storberget* i dagene 25. og 26. oktober for å delta som Norges representant i styremøte i Global Crop Diversity Trust i Bonn.

Etter forslag fra presidenten ble enstemmig besluttet:

- Søknaden behandles straks og innvilges.
- Vararepresentanten, Lasse *Juliussen*, innkalles for å møte i permisjonstiden.

**Presidenten:** Lasse Juliussen er til stede og vil ta sete.

Statsråd Solveig Horne overbrakte 4 kgl. proposisjoner (se under Referat).

**Presidenten:** Representanten Hege Haukeland Liadal vil fremsette et representantforslag.

**Hege Haukeland Liadal (A) [10:02:09]:** På vegne av representantene Svein Harberg, Geir Jørgen Bekkevold, Ib Thomsen, Rasmus Hansson og meg selv fremmes et forslag om en helhetlig vurdering av museumsreformen så langt.

**Presidenten:** Forslaget vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

Sak nr. 1 [10:02:33]

*Interpellasjon fra representanten Kjersti Toppe til barne- og likestillingsministeren: «Fylkesmennene i Hordaland, Rogaland og Troms har lagt fram ein knusande granskingsrapport i saka om den såkalla «Glassjenta», om den no 18 år gamle rogalandsjenta «Ida» sitt to og eit halvt år lange opphald under barnevernet si omsorg. Hovudkonklusjonen er at jenta ikkje har fått ein oppvekst og ei omsorg som er i tråd med det vårt samfunn har slått fast at barn skal ha. Saka blei kjent gjennom Stavanger Aftenblad sin dokumentar i januar i år, og fylkesmennene har granska 14 etatar og institusjonar. Seks av dei har gjort til saman 15 lovbrott. Rapporten går lenger enn å fastslå at det offentlege har svikta. Han konkluderer med at «Ida» har lidd under systemfeil, og legg fram 33 forslag til korleis systemfeila bør rettast opp nasjonalt.*

*Korleis vil regjeringa syte for at granskingsrapporten og den harde systemkritikken mot barnevernet fører til faktiske forbetringar og endringar, slik at ingen andre barn må oppleve det same som «Ida»?»*

**Kjersti Toppe (Sp) [10:04:04]:** Korleis eit samfunn tar ansvar for sårbare grupper, seier alt om samfunnet. Barn og unge som opplever omsorgssvikt, er ei slik sårbar gruppe. Barnevernet sitt samfunnsoppdrag og hovudoppgåve er å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnevernet skal gi hjelp til barn og unge som vert utsette for omsorgssvikt, og barn og unge med alvorlege åtferdsvanskar.

Fylkesmennene i Hordaland, Rogaland og Troms har lagt fram ein knusande granskingsrapport i saka om den såkalla glasjenta, den no 18 år gamle Rogalandsjenta «Ida» sitt to og eit halvt år lange opphald under barnevernet si omsorg. Ida er ikkje det rette namnet til jenta, men ho vert kalla det i artiklane.

Hovudkonklusjonen er at jenta ikkje har fått ein oppvekst og ei omsorg som er i tråd med det samfunnet vårt har slått fast at barn skal ha. Det spesielle med rapporten er at han kom i stand etter at «Ida» sjølv kontakta Stavanger Aftenblad. Stavanger Aftenblad laga artiklar om saka, og det var på den bakgrunnen og ut frå informasjonen som kom fram der, at fylkesmennene sette i gang granskning. Det er påvist lovbrott og uforsvarlege tenester hos både offentleg og privat barnevern, Bufetat og helsestell. Rapporten som er lagd fram, går lenger enn å fastslå at det offentlege har svikta. Rapporten konkluderer med at «Ida» har lidd under systemfeil.

Historia til «Ida» er slik at ein ikkje kan tru det ein les, at det faktisk er sant – at barnevernet faktisk kan øydeleggja traumatiserte barn på dette viset, at barn står fullstendig utan rettstryggleik, at dei ikkje vert høyrd, at dei vert flytta rundt og rivne opp frå nærmiljøet, opplever massiv tvangsbruk og eit offentleg hjelpeapparat som ikkje snakkar saman, og eit hjelpeapparat som er mest opptatt av å forsvare systemet, at protokollane er førte rett.

Mange har snakka om systemsvik og systemfeil i denne saka. Eg er ikkje heilt einig. «Glasjente»-saka viser ikkje systemsvik i barnevernet. Ho viser svik sett i system. Det gjeld både barnevern, helsestell, politi og tilsynsmyndigheitene. Det har vore systematikk i sviket frå både barnevern, helsestell, politi og tilsynsmyndigheiter, alle instansar som sjølv sagt eigentleg er til for å hjelpa, for å sikra barnet si helse og utvikling. Dei har bidratt til det motsette. Det er trist, uendeleg trist. Dette sviket kan ikkje fortsetja.

«Ida» flytta våren 2014 på barnevernsinstitusjon. Ho var ei traumatisert jente som hadde opplevd omsorgssvikt. Det kommunale barnevernet hadde vurdert omsorgsovertaking mens ho var yngre, utan at det skjedde. Men ho var ikkje domfelt, ho hadde ikkje rusproblem, ho var aktiv i idrett og gjorde det greitt på skulen. Det var før barnevernet tvangsflytta henne på institusjon. Det er mange saker om barnevernet som går på om omsorgsovertaking er rett. Det er ikkje det dette handlar om. Det handlar om kva som skjedde da barnevernet tok over omsorgsansvaret.

16 år gamal, i september 2014, kom «Ida» til Bardufoss lufthamn i handjern saman med sivilt politi og ein saksbehandler i barneverntenesta. Dette var «Ida» si sjuande flytting på åtte månader. Ho skulle til Aleris Nymogården, der ho skulle bu i einetiltak saman med to tilsette til stades til kvar tid. Ho var sjuk og oppførte seg valdeleg og truande. Ho hadde frå før fleire kortvarige opphald bak seg ved barnevernsinstitusjonar i Bergen, Øygarden og Stavanger. I Øygarden sette ho fyr på rommet sitt i desperasjon over å vera tvangsplassert langt vekke frå heim og nærmiljø.

På to år hadde «Ida» minst 87 gonger vorte utsett for tvangsinngrep ved institusjonane ho hadde budd på. 36 av inngrepa var fysisk maktbruk, som legging i golvet. 58 forskjellige tilsette ved institusjonane hadde anten vore direkte involverte i maktbruk mot «Ida» eller til stades da det vart brukt makt mot henne. Politiet har minst 49 oppdrag knytte til «Ida». Minst 24 gonger har ho vorte lagd i handjern av politiet. Og ho var berre 16 år. I tillegg har politiet ved fleire høve brukt sterkare maktmiddel, som peparspray, «bodycuff», kroppsvisitering, strips på beina og spyttmaske. Ein gong har politiet, ifølgje vitne, sikta på henne med våpen. Minst åtte gonger har ho vorte tatt med til politistasjonen eller sett på glattcelle.

I rapporten frå fylkesmennene kjem «Ida» sjølv med råd til tenestene. Ho seier at ingen har spurt henne om det som verkeleg plaga henne, om korleis ho opplevde tvangsbruken. Ho seier at barnevernet alltid må snakka med barnet eller ungdomen først, og høyra godt på barnet. Ingen unge må bu aleine på institusjon om dei ikkje vil det sjølv. Ho seier at flytting berre må vera for ein periode, at ingen barn eller ungdom må verta flytta så langt vekk at dei nesten ikkje skjønar dialekta til folk, eller at dei ikkje har naboar. «Ida» seier at dersom barn må flyttast frå foreldra, må politiet bruka minst mogleg makt. Om barne- og ungdomspsykiatrien seier ho: Eg orkar nesten ikkje å snakka

om dei. Dei la meg i reimer. Dei skulle jo vera der for å hjelpa. Og dei må ikkje sjå ut som om dei ikkje bryr seg.

Akkurat no sit «Ida» i ungdomsfengsel og sonar ein dom for vald mot politi og barnevernstilsette. Det er eit paradoks med tanke på at ho har opplevd så mykje maktmisbruk mot seg sjølv, frå det offentlege.

Kva kan Stortinget gjera for å hindra at andre barn i same situasjon, med åtferds- og relasjonsproblem, med ein traumatisk barndom, opplever det same som «Ida»?

Fylkesmennene kjem med 33 tiltakspunkt i sin rapport. Dei er velmeinte. Mange er sjølv sagde, som at medverknad må verta til samarbeid med barnet. Men det viktige er at tilrådingane må gjennomførast i praksis på kvar enkelt institusjon og i kvar enkelt kommune. Det handlar om kultur og leing og om å styrkja førstelinjetenesta. Men det som skjedde med «Ida», skjedde jo ikkje på grunn av lover eller forskrifter, men trass i lover og forskrifter. Lover og forskrifter er tydelege på barns medverknad og barns rett til hjelp. Men det har ikkje skjedd. Korleis er det mogleg?

Påpeikinga om at ein må gå gjennom ordbruken i barnevernet, er viktig. Det vert òg føreslått i NOU-en om ny barnevernlov, som å erstatta ordet «plassering» med ordet «bustad». Det er heilt rett. Vi snakkar jo om ungar, ikkje sant? Ikkje kriminelle.

«Glasjente»-saka må få konsekvensar, og det er ikkje berre barnevernet som treng ei reform. I NOU-en om ny barnevernlov vert det f.eks. føreslått ei ny barnevernhelsereform, og det trengst. Det som kjem fram i denne saka, er systematikk i det manglande tverrfaglege samarbeidet. Det har vorte ein regel og ikkje unntaket. Ein kan sjå på barne- og ungdomspsykiatrien, som får sterk kritikk, der ungar går lenge utan å få ei utgreiing, utan å få ein diagnose. I ei tid og i ein situasjon der vi sørgjer for å senda normalt fungerande ungar til fastlegen for å få attest for sjukefråvær i vidaregåande skule, sørgjer vi ikkje for at ungane med dei største behova for hjelp frå helsestellet får det. Politiet får òg sterk kritikk. Dei er ikkje omfatta av tilsynsrapporten, men at dei bidrar inn mot barnevernet med så mange tvangssituasjonar, utan å vita kva den ungen har opplevd før, er uakseptabelt, og det er ikkje eit fagleg godt arbeid.

Tilsynsmyndigheitene har innrømt at dei ikkje har gjort jobben i denne saka, at dei som skal ha tilsyn, og som skal påvisa når det skjer feil og manglar, ikkje har hatt kompetanse eller struktur for arbeidet, og det er veldig alvorleg. Eg tenkjer at den eigentlege tilsynsmyndigheita i denne saka er Stavanger Aftenblad. Fylkeslegen i Hordaland, som har leia granskinga, har sagt unnskyld til «Ida». Mitt spørsmål er om også statsråden vil seia unnskyld til «Ida» for måten det offentlege har svikta henne på. Mitt andre spørsmål er kva granskingsrapporten om «glasjenta» faktisk vil føra til av endringar på kort og lang sikt. Møtet mellom departementa, som var no på fredag, er etter mitt syn ikkje tilstrekkeleg.

**Statsråd Solveig Horne [10:14:10]:** «Ida»s historie har gjort sterkt inntrykk på meg, og jeg har sagt unnskyld til «Ida» for det hun har opplevd.

Dette er en alvorlig sak, og det er alvorlig at «Ida» har vært så mange år i barnevernet uten at hun har fått den hjelpen hun skulle hatt. Det er også tankevekkende at det måt-

te en avisartikkel til før vi så hele «Ida»s historie. Barn og unge i barnevernet skal ikke oppleve det «Ida» har gjort.

Rapporten viser at det har sviktet i mange ledd, og kritikken av systemet er svært alvorlig. «Ida» fikk ikke god nok hjelp og oppfølging, og det påpekes flere brudd på kravene i barnevernsloven og i helselovgivningen. «Ida» har ikke fått medvirke i sin sak, og det har i liten grad vært dokumentert hvordan hennes synspunkter ble ivarettatt. Bruken av tvang blir kritisert, og det har vært svikt i samarbeidet mellom tjenestene. Lovbruddene vil bli fulgt opp av Fylkesmannen og av dem som er ansvarlige.

Selv om hele tilsynssaken kun omhandler én bestemt sak, inneholder rapporten også vurderinger, anbefalinger og kritikk av mer generell karakter som retter seg mot kommunene, Bufetat, barnevernsinstitusjoner, helseforetak og tilsynsmyndighetene.

Et sentralt grunnlag for tilsynsrapporten har vært å involvere «Ida» på en helt annet måte enn hva som er vanlig. Hun har fått lov til å komme med sine synspunkter og har gitt informasjon om saken. Dette er en helt ny måte å føre tilsyn på. Jeg er glad for at Helsetilsynet og fylkesmennene vil se kritisk på sin egen praksis i lys av erfaringene fra dette tilsynet.

For å forsikre oss om at rapporten blir fulgt opp, har helse- og omsorgsministeren og jeg hatt møte med våre to direktorater, Helsetilsynet, Fylkesmannen i Hordaland og representanter fra helseforetakene. Det arbeides nå på flere hold med å følge opp rapporten, både på kort og på lang sikt. Både kommune og stat må ta grep for å hindre at andre barn skal oppleve det samme som «Ida» har gjort.

Utviklingen på barnevernsområdet går i rett retning på mange områder. Fra undersøkelser vet vi at åtte av ti familier er fornøyd med de hjelpetiltakene de har fått, og at befolkningens tillit til barnevernet er økende. Det er færre akutt plasseringer, og bruken av fosterhjem i nettverk og slekt øker.

Men til tross for at kvaliteten på noen områder stadig blir bedre og mange gjør en stor innsats for å gi barn god hjelp, må vi erkjenne at det fortsatt er en vei å gå for at alle barn i barnevernet får den beskyttelsen og ivaretagelsen de har behov for. Risikoområdene som trekkes fram i rapporten, er godt dokumentert.

Det har i de senere årene vært satt i gang mange tiltak for å styrke barnevernet. Fra og med 2011 har kommunene fått øremerkede midler for å styrke kapasiteten i barnevernstjenestene. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet ble fra 2014 fagdirektorat også for det kommunale barnevernet.

I juni 2014 ble barns rett til medvirkning i barnevernet styrket. Det er nå presisert i barnevernsloven at retten til medvirkning gjelder i alle forhold som berører barnet. Barn har også mulighet til å ha med seg en særskilt til-litsperson. Samtidig ble det lovfestet et krav om at alle tjenester og tiltak etter barnevernsloven skal være forsvarlige når det gjelder både innhold, omfang og når tjenestene ytes. Tilsynsmyndighetene kan dermed konstatere avvik med hjemmel i forsvarlighetskravet, slik som fylkesmennene også har gjort i denne saken.

Arbeidet med å styrke barnevernets kompetanse skal intensiveres neste år. I statsbudsjettet for 2017 varsler regjeringen en ytterligere satsing på kvalitets- og kompetanseutvikling i barnevernet. I år får kommunale barnevernstjenester tilbud om opplæring for å øke sin kompe-

tanse i undersøkelsessaker. I februar i år startet en satsing på videreutdanning for ledere i kommunalt og statlig barnevern.

Barn i barnevernet må få den helsehjelpen de trenger. Derfor skal barnevernsinstitusjonene ha en egen helseansvarlig for at samarbeidet med primær- og spesialisthelsetjenesten lokalt skal bli bra. Rollen til den helseansvarlige er presisert i de nye retningslinjene fra 2016, og det utvikles nå et digitalt opplæringsprogram om barns helse for ansatte i barnevernsinstitusjoner. Jeg har tro på at disse tiltakene vil bidra til høyere kvalitet i barnevernet.

Tilsynsrapporten viser at samarbeidet har sviktet. Det handler om at forvaltningsnivåer må snakke bedre sammen, og at samarbeidet mellom sektorene må bli mer forpliktende – noe som er helt nødvendig for at barn som trenger det, skal få den rette hjelpen.

Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet fikk i 2015 en rekke felles oppdrag som var særlig rettet mot barn i barnevernsinstitusjoner, bl.a. om kartlegging, samarbeid og kunnskapsutvikling. I den sammenheng skal de to direktoratene levere felles anbefalinger til hvordan samarbeidet mellom barnevernet og helsetjenesten kan styrkes, på grunnlag av innspill fra en bredt sammensatt arbeidsgruppe. I samarbeid med helse- og omsorgsministeren vil jeg komme tilbake til oppfølgingen av de anbefalingene.

De regionale helseforetakene fikk i 2015 i oppdrag å sørge for strukturer og rutiner som sikrer barn i barnevernsinstitusjoner nødvendig utredning og behandling for psykiske lidelser og rusavhengighet. Alle regionale helseforetak har meldt tilbake at dette arbeidet er iverksatt.

Helse- og omsorgsdepartementet utreder også pakkeforløp for psykisk helse og rus. Ett av pakkeforløpene har barn i barnevernsinstitusjoner som målgruppe. Formålet er å gi større forutsigbarhet for pasienter som venter på utredning og behandling, og bedre samarbeid mellom de ulike hjelpeinstansene. Vi vurderer nå om det kan være hensiktsmessig å anvende denne helhetlige tilnærmingen på andre områder innenfor barnevernet.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har også et pågående samarbeid med Politidirektoratet om retningslinjer for politi og barnevern. Målet er å øke kvaliteten på undersøkelser hvor det er mistanke om vold eller seksuelle overgrep fra omsorgspersoner.

Rapporten har også rettet oppmerksomhet mot tvangsbruk. Rettighetsforskriften sier at institusjonene må jobbe forebyggende for å hindre unødige bruk av tvang. I 2017 skal Helsetilsynet utarbeide retningslinjer for Fylkesmannens arbeid med tvangsvedtak og tvangsprotokoller. Helsedirektoratet har tatt en liten pust i bakken når det gjelder utredning av de retningslinjene, for å se på rapporten som nå er kommet – om det er ting som må endres.

For å få kunnskap om behandling av enkeltsaker og for å avdekke hva som eventuelt svikter, og hvorfor svikt kan oppstå, har regjeringen også bedt Statens helsetilsyn om å gjennomgå et større utvalg saker om akutt plassering og om omsorgsovertakelse.

Forslaget om ny barnevernslov er nylig lagt fram av et utvalg. Begrunnelsen for å utrede en ny lov var å forbedre rettssikkerheten for barn og skape et mer forståelig og tilgjengelig lovverk. Utvalgets forslag er svært relevante for oppfølgingen av tilsynsrapporten. Blant annet foreslår utvalget endringer som det mener vil styrke barns rett til for-

svarlig omsorg og beskyttelse og det enkelte barns rett til medvirkning i egen sak. Utvalget foreslår også en lovfestet plikt til å føre journal, hvor bl.a. barnevernfaglige vurderinger og hvordan barnet har medvirket, skal dokumenteres. Utredningen vil bli sendt på offentlig høring, og vi tar sikte på å utarbeide en lovproposisjon som en oppfølging av utvalgets arbeid.

Barn skal ikke oppleve det samme som «Ida» har gjort. Tiltakene vi nå setter i verk, er viktige bidrag for å utvikle tjenestene. Erfaringene fra «Ida»-saken må få betydning for tilbudet til andre barn og unge i hennes situasjon. Helse- og omsorgsministeren og jeg vil forsikre oss om at dette arbeidet har stort trykk, og at det fortsetter. Det blir også et oppfølgingsmøte med de berørte aktørene for å sørge for at vi har god oversikt over status og resultater av dette arbeidet.

Jeg kan forsikre Stortinget om at dette ikke er en rapport som blir lagt i en skuff – Fylkesmannen skal følge nøye opp disse lovbruddene. Sakene blir ikke lukket før eventuelle avvik er konstatert. Vi er i gang. Det er likevel veldig viktig at vi har fått denne rapporten, for den kommer til å endre hele tjenesten i framtida.

**Kjersti Toppe (Sp) [10:23:45]:** Det er bra at statsråden offentlig seier unnskyld til «Ida», og det er bra at saka og granskingsrapporten har ført til at departementa har snakka saman, og at statsråden seier at dette skal få stort trykk på seg i regjeringa.

Eg meiner at dette er ei så skilsetjande sak og ein granskingsrapport som har fått så stor merksemd at regjeringa hadde tent på å leggja fram for Stortinget, på eigna vis, korleis det som no er kome fram, vil verta følgt opp, og kva endringar som faktisk vert føreslått – slik at det ikkje vert med denne interpellasjonsdebatten, og så er det over. Barnevernet er jo Stortinget opptatt av – det er vi som til sjuande og sist sit med ansvaret – og eg vil iallfall tilrå at statsråden vurderer å leggja dette fram for Stortinget på eigna vis, slik at vi òg kan få koma med våre innspel i det arbeidet som no er heilt nøydd til å skje.

Eitt punkt som statsråden ikkje var inne på, er politimakt. Politiet var heller ikkje med på det møtet, etter kva eg høyrde. Men politimakt mot mindreårige vert ikkje registrert. I motsetning til dei tilsette på barnevernsinstitusjonar som må føra protokoll over tvangsbruk, er det ikkje slik for politiet, og dei har kanskje heller ikkje den kompetansen på å handtera barn og unge som barnevernet har omsorg for, og som dei må bidra til. Så det er det eine eg vil spørja statsråden om.

Det andre er: Statsråden var ikkje tydeleg på dette med flytting. Det er eit stort problem, som ikkje kjem fram i granskingsrapporten, at barn og unge vert rivne opp frå nærmiljøet på institusjonen. «Ida» ville heim igjen, ho ville ikkje absolutt heim til mor, men ho ville heim igjen til Karmøy. Vil statsråden seia noko om den praksisen som er i dag, at ein kan verta riven opp og flytta til eit anna fylke, flytta til ein heilt annan landsdel, utan at det vert problematisert?

Det siste gjeld helse. Det snakka statsråden om i innlegget sitt, men dette er heilt grunnleggjande. I den NOU-en som kjem, vert omgrepet «barnevernhelsereform» brukt. Det er ikkje snakk om å ha nokon møte. Vil statsråden gå inn for ei ny reform som forpliktar samarbeidet mellom helse og barnevern?

**Statsråd Solveig Horne [10:27:01]:** Jeg skal selvfølgelig informere Stortinget om alt det som Stortinget ønsker å vite. Nå har vi denne interpellasjonen – som jeg også har lyst til å berømme representanten for å ha tatt opp – slik at vi kunne få denne debatten her i dag.

Likevel er det sånn at Stortinget vedtar lover. Regjeringen utarbeider forskrifter, rundskriv og veiledere på bakgrunn av det Stortinget har vedtatt, og vår informasjon om hvilket samarbeid vi har med andre departementer, hvilke tiltak som er satt i gang på barnevernsområdet, er også godt beskrevet i budsjettproposisjonen som Stortinget nå har til behandling.

Jeg har lyst til å understreke at dette er svikt, til tross for – som representanten også var inne på – at vi har lover. Vi har et lovverk som er veldig tydelig og klart når det gjelder hvordan barn i Norge skal bli ivaretatt. Det er innført et forsvarlighetskrav, og det er kommunenes ansvar å påse at de har et barnevern som er forsvarlig, og at de som jobber i tjenestene – om det er i kommunal sektor, om det er i statlig sektor – faktisk har kunnskap om og kompetanse på det lovverket og de forskrifter og veiledere som blir gitt, fra både regjering og storting. Der har vi sett at det svikter, og derfor er det viktig at vi nå jobber med å heve kompetansen og kvaliteten der ute. Men jeg vil også understreke at denne rapporten nå har blitt satt på dagsordenen i Karmøy kommune, som har tatt inn over seg de sviktene som har skjedd.

Jeg vil nesten gå så langt som å si at denne rapporten bør være pensum. Den bør være – ikke god lesing, det blir feil ord – noe som alle som jobber innenfor barnevernet, på alle nivå, bør ta inn over seg og lese. For dette viser at det er ikke alltid det holder med lover og forskrifter, det må også praktiseres ute i en kommune.

Så har jeg lyst til å si at når det gjelder politi, har vi satt i gang et samarbeid om barnevern med Politidirektoratet for å se på hvordan dette samarbeidet kan bedres, for her ser vi at det må på plass noen bedre retningslinjer.

Når det gjelder det med flytting, er det altså kommunen som skal kartlegge det enkelte barn og hva slags institusjon eller fosterhjem det trenger. Vi har sett at i noen tilfeller har ungdommen blitt sendt til en institusjon der dette har medført store avstander, og vi bestreber oss så langt vi kan på å finne en institusjon og en plassering til det enkelte barn i nærmiljøet, men som også skal ivareta det barnet har behov for. Dette er noe vi nå jobber med, og i den nye barnevernsreformen som regjeringen har sagt den skal legge fram – som har vært ute på høring og skal legges fram for Stortinget neste år – vil vi også se på forholdet mellom stat og kommune på institusjonsfeltet.

**Hege Haukeland Liadal (A) [10:30:21]:** Jeg vil først takke interpellanten. Jeg er enig. Det er en skjellsettende sak – og den rører oss.

Barnevernet, uansett nivå, skal være barnas Dovrefjell når behov er avdekket.

Barna som barnevernet hjelper, er og blir blant samfunnets mest sårbare. Vi må hver dag bestrebe oss på å ha et barnevern som bidrar til å gi dem en hverdag med mer og bedre omsorg, mer og bedre kjærlighet, og som styrker deres framtidsmuligheter.

Til dette kreves ressurser. Det kreves forskningsbasert kunnskap og erfaring, kunnskapsrike og ikke minst kloke voksne.

Vi trenger også barnas stemme, erfaringer og tilbakemeldinger. Det forutsetter samarbeid mellom etater, og det forutsetter tillit mellom de ulike involverte.

Da Stortinget for nokså nøyaktig to år siden fattet nye beslutninger knyttet til barnevernlovgivningen, ble det tydeliggjort at antall barn i barnevernet hadde økt betraktelig over lengre tid. Rapporten fra fylkesnemndene viser også tydelig at man ikke kan lene seg tilbake – kun forbedre og forsterke det tilbudet vi i fellesskap gir til dem som trenger det mest.

Når vi erkjenner at en god barndom varer livet ut, følger det et stort ansvar med. Det ansvaret må vi som folkevalgte ta. Interpellasjonen i dag er en kraftig påminnelse om akkurat det.

Tilbakemeldingene fra «glassjenta» og de lovbrudd som er gjort i saken, er viktige for det framtidige arbeidet, der vi må bestrebe oss på mest mulig og best mulig vern av barn, og at barn i mye større grad må bli hørt og lyttet til.

**Mette Tønder (H) [10:33:03]:** Jeg har lest mange tilsynsrapporter, men jeg har aldri lest en som denne. Det er noe så sjeldent som en tilsynsrapport som berører, som gir oss god lærdom, som viser svikt i systemet på en måte som gjør vondt å lese, som gir den det gjelder – i dette tilfellet en ungdom – en klar og tydelig stemme, en rapport vi må lære av.

I rapporten sier «Ida» selv at hun ikke skulle vært tatt fra familien når hun var blitt så stor. Vi burde gjort noe mens hun var liten. Det manglet ikke på alvorlige meldinger da «Ida» var liten jente, men systemet valgte ikke å ta dette nok på alvor. Menneskene i systemet henla saken fordi mor ikke ville samarbeide.

Dette er nesten utrolig å lese. I dag har vi endret loven slik at barnevernet ikke kan gjøre dette. De kan gå inn og hjelpe familier selv når foreldrene nekter. Dette er en god endring.

Det er mye som kan sies om alt som må gjøres for å forhindre at alt det «Ida» har måttet gå igjennom, ikke skal skje andre. Og statsråden har redegjort for dette på en svært god måte. Men én ting synes jeg det er verdt å legge til, og det er faktisk mer kjærlighet i systemet. Jeg trodde aldri jeg som jurist skulle stå og si dette, men barna og ungdommene i Forandningsfabrikken sier dette hver gang vi møter dem – og de har overbevist meg. Denne tilsynsrapporten har overbevist meg. Vi trenger mer samarbeid, vi trenger mindre tvang, vi trenger høyere kvalitet, vi trenger å lytte til barna og ungdommen, vi trenger å gi dem medbestemmelse, men jammen viser denne rapporten at vi trenger mer kjærlighet og respekt i systemet vårt også.

**Laila Marie Reiertsen (FrP) [10:35:17]:** Tusen takk til interpellanten for å ha sett denne alvorlige saka på dagsordenen. Eg har sikkert salen – og heile Noreg – med meg i at saka om «glasjenta» «Ida» er grufull og fæl lesnad. Eg måtte sjølv ta lesinga i fleire porsjonar. Det er nesten så ein ikkje trur det ein les. Behandlinga av «Ida» er nesten som om ein har med ein av dei mest alvorleg kriminelle i dette landet å gjera. Når ein så er komen gjennom lesinga, sit ein igjen trist og oppgitt over eit system som ikkje kan vera Noreg verdig i dette høvet. Så vakna det litt sinne i meg, sinne over at sjølv om vi i denne salen lagar lovar som vi trur er til beste for borgarane, blir dei brotne og misbrukte i fleng – i alle høve i denne saka.

Vi har svikta «glasjenta», og eg er redd for at vi har svikta fleire. Korleis kan dette skje? Det offentlege, det private, kommune etter kommune, institusjon etter institusjon – ja det blir etter kvart slik at ein lurar på om det er noko som i det heile har blitt gjort riktig i denne saka.

Tilsynsrapportane er tydelege og klare. Ein har svikta. Ein har svikta når det gjeld medverknaden og den reelle påverknaden til barn, ein har svikta når det gjeld mangelfull dokumentasjon og mangelfulle vurderingar, ein har svikta i høve til fosterheim og vidare oppfølging, og ein har svikta når det gjeld tverrfagleg samarbeid, noko som er svært viktig i høve til alle barn i barnevernet. Spesielt må eg nemna politiet og deira kompetanse på barn i barnevernet, som tydelegvis manglar. Barnevernstenesta og institusjonane, ansvar og grensegangar, det er svikt her også – og i omfang og bruk av tvang. Lista er lang.

Orsak, «Ida»! Unnskyld for at systemet og menneska rundt deg har svikta deg.

Så er det ulike knusande rapportar som no vil danna grunnlag for vegen vidare. Med andre ord: Utfordringane for eit betre system er mange. Tiltaka må koma i gang fort, i tillegg til at kompetanseheving innan dei ulike områda er nødvendig. Men kvalitet må vera den grunnleggjande faktoren, heilt frå barnevernet til det er godt forankra i alle samarbeidsinstansar som skal vareta sårbare barn.

